



PROGRAM 2009 – Smak Sakte festivalen i Aurland



[www.smaksakte.no](http://www.smaksakte.no)

## Velkomen til Smak Sakte festvalen i Aurland 27. September til 4. oktober 2009

Du som bur i Aurland vert invitert til å gjere deg betre kjende med di eiga bygd.

Tilreisande vert invitert til eit møte med bygdevertar som presenterar noko av det beste bygda har å by på.

Me ynskjer at **Smak Sakte** skal vera ein stad der bygdefolk og gjester saman kan gjenoppdage og skape verdiar. Verdiar som ikkje berre kan forståast, men må sansast og anast.

Festivalen er ein del av satsinga under merkevara "SAKTE i Aurland" som byggjer på bærekraft og tilrettelegging for eit godt møte mellom lokalsamfunnet og gjestene.

Smak Sakte samarbeider med Nærøyfjorden Verdsarvpark og let deg oppleva menneske og produkt som gjer Verdsarven levande.



## Laurdag 26.09.09

### Østerbø turisthytte

- Guiding, småviltjakt, fisketurar, turar i fjellet eller dalen.
- Historisk omvisning på den gamle kyrkjegarden. Gjeld heile veka.
- Vinkurs med vinsmaking og middag
- Fiskebuffet med fleire sortar fisk Kr 390,-  
Bestilling på tlf 57631141

Besøk Smak Sakte sin stand på Lærdalsmarknaden laurdag 26. og søndag 27. september



## Torsdag 01.10.09

### Oppdag nedre Aurlandsdalen

Visste du at nedste delen av Aurlandsdalen er ei perlekjede av skattar som ventar på å bli oppdaga? Vi får sjå og høyre om Noregs første miljøtilpassa kraftutbygging, nærkontakt med ein foss som framleis renn fritt, gå gjennom "eventyrskogen" og oppdaga eldgamle gravhaugar og framtidretta økologisk landbruk. Me møtar bygdevertar og aktive kunnskapsbærarar innan kunst, kyrkja og skoproduksjon.

#### Del 1 frå 08.30 til 12.15

Buss frå Aurlandsvangen til Eco-Vannkraft i Vassbygdi. Frukost av lokale produkt vert servert i kantina til Eco før me får ein omvisning i kraftstasjon i Vassbygdi. Etter omvisninga køyrer me buss til Turlidfossen. Verten Anne Karin går turen frå Turlidfossen og til Sogn Jord og Hagebrukskule. Der vert det omvisning på skulen og besøk i økobotikken med lokale varer. Lunsj i kantina på skulen.

#### Del 2 frå 12.15 - 13.15

Lunsj i kantina på skulen

#### Del 3 frå 13.15 – 16.00

Lunsj i kantina på Sogn Jord og Hagebrukskule. Vandretur frå SJH og ned til Aurlandsvangen. I Gamle Heradshuset møter Hanna oss og me får omvisning i Galleri Vinjum og på Lokalhistoriesenter. Verten tek oss vidare til Vangen Kyrkje der me høyrar historia om Sognedomen. Etter kyrkja er det kaffi og lefse på Aurlands kafeen. Til slutt får me omvisning i Economuseum Aurlandsskoen. Her kan du og få kjøpa sko.

#### Pris heildagstur

Vaksen kr 475, born 5-15 kr 150, born 0-4 gratis

#### Pris del 1 eller 3 inkl. lunsj

Vaksen kr 400, born 5-15 kr 100, born 0-4 gratis

#### Pris berre del 2

Vaksen kr 200, born kr 100

Minimum antall deltagarar: 8 pers



Turen bestillast hos Fjordoppleving på [www.fjordoppleving.no](http://www.fjordoppleving.no) eller tlf 57 63 32 00 seinast kl 18 dagen før.

## Fredag 02.10.09

### Nærkontakt med den verdskjende Nærøyfjorden

Sakte cruise på Nærøyfjorden med Johan som er oppvaksen på Breisnes ved roret, og historikaren Johs B Thue om bord. Me får nærkontakt med dyr og landskap. Me gjer strandhogg fleire stader undervegs og møter engasjerte og kunnskapsrike bygdevertar

#### Frå kl 08.00 – 16.00

Båten Fjordlord går frå Flåm kai kl 08.00 og tar med passasjerarar i Aurland ca kl 08.30, og frå Undredal ca kl 09.00. Turen startar med ein god lokal frukost ved avreise frå Undreal. Under Vetle Nedbergadn ser me etter killingane til Ivar Bjarne. Ved kaien til Stegen får me høyre historier om gardane og lende me ser rundt oss. Når me rundar Beitelen ser me etter Krossneset og legg til under Sagfossen og drikk av livets kjelde. I Dyrdal går me i land og der vitjar me den gamle skulestova og får fortalt historia om mellom anna Dregali legen og Arnehus. Etter ein tur på eigen hand et me lunsj på kaien eller om bord i Fjordlord. Etter lunsj besøker me Bottolv Hov sitt museum. Så går ferda inn til Bakka. Her får me høyre historia om Bakka kyrkje. Så får me servert kaffi med Liv Marit sine svele på brygga. Me får høyre om Kystlei Nærøyfjord-Verdsarvleden i Aurland Kommune. Til slutt går turen vidare til Gudvangen før båten returnerar tilbake til Undredal, Aurland og Flåm.

Pris kr 625,- pr person for vaksne, born 5-15 halv pris.

Minimum antall deltakarar: 8

Maksimum antall deltakarar: 30



## Laurdag 03.10.09

### Smak av Flåmsdalen

Unn deg ei djupneoppleving av dramatiske Flåmsdalen. Denne dagen kan du komponere di eiga opplegg av Flåmsdalen etter dagsform og interesse. Dei som vil vite og smake kan slutte seg til det guida programmet og møte bygdevertar som brenn etter å få dele si begeistring for det dalføret har å by.

#### Del 1 frå 09.00 – 12.15

Avreise med Flåmsbana frå Flåm st kl 09.00. På Berekvam stasjon vert det utdeling av nistepakke frå Fretheim Hotel. Derifrå går turen til Berkvamsgjelet og ein omvisning på gamleskolen. Så går me gamlevegen ned til Thunshelle, og vidare ned til Timbrahelleren og Jettegryta. I Jettegryta et me nistepakka før me vandrar vidare nedover dalen.

#### Del 2 frå 12.15 – 14.30

Me vitjar Dalsbotten Østeri. Her kan ein smaka på og kjøpa prim og ost. Turen går vidare nedover Flatedalen og til Leinafossen Kraftstasjon for ein omvisning. Nede i gamle Flåm sentrum får me høyra om Per Sivle sin fødestad, klyngjetunet og kyrkja før me et lunsj i kyrkjestova.

#### Del 3 frå kl 14.30 – 16.00

Lunsj av lokal mat i Kyrkjestova med spekemat og Olina Roti sin rømmegraut. Rallartoget tilbake til Fretheim med stopp i Einungrane med besøk i kvernhuset. Avslutning med Sissel Skjerdal sitt fotbad på Fretheim Hotel.

#### Pris heildagstur

Vaksen kr 475, born 5-15 kr 150, born 0-4 gratis

#### Pris del 1 eller 2 inkl. lunsj eller matpakke

Vaksen kr 400, born 5-15 kr 100, born 0-4 gratis

#### Pris berre del 3

Vaksen kr 250, born kr 125

Minimum antall deltagarar: 8 pers



Turen bestillast hos Fjordoppleving på [www.fjordoppleving.no](http://www.fjordoppleving.no) eller tlf 57 63 32 00 seinast kl 18 dagen før.

## Laurdag 03.10.09

### Konsert & Ægir Buffet

Ægir Bryggeri & Pub - med sprakande eld på peisen og musikk som treff deg midt i fleisen!

Dei landskjende musikarane **Gabriel Fliflet, Sigrid Moldestad og Olav Tveitane** garanterar:

“Ein knivskarp ubalanse mellom det sømmmelege og det usømmmelege, det lyriske og det himmelstormande, det vakre og det råde”!

### Ægir Buffet

Vår matfilosofi på Ægir er at Ægir-øl skal være både i og til maten. Ugras, urter, grønt og vilt, i smaksbalanse med Ægir-øl.

På menyen finnes for eksempel:

- Marinerte og bakte raudbetar med geitost
- Fisk og vilt marinert i Ægir-øl
- Byggmalt risotto
- Flatbrød med rista malt
- Ølmarinerte bær med mørk sjokolade

Ægir Buffet kl 19.00 / Konsert kl 22.00

Pris Ægir Buffet & Konsert:

kr 595,-

Rom/frokost:

kr 595,- per person i dobbeltrom



## Sundag 04.10.09

### Opplev Undredal med geologens auge

Saman med Geologen Helge Henriksen kan du undre på kvifor Undredal vart Undredal. Korleis vart landskapa forma? Korleis har den dramatiske verdsarvprisa naturen påverka fjordkulturen og kulturlandskapet? Kvifor var Undredal ostebygda mellom ostebygder i Noreg? Lær ved å sjå lytte og smake saman med ekspertar og lokale bygdevertar.

### Del 1 frå kl 09.00 – 14.15

Frammøte på Langhuso . Der får me frukost som består av Marianne sine bagettar med lokalt pålegg. Etter frukost besøker me stølen der dei lagar brunost på tradisjonsvis. Frå stølen går me på vandretur ned dalen og geolog Helge Henriksen fortel korleis is og vatten forma dalen. På Melhus får me omvising og smaksprøvar frå Østeriet. Frå Melhus går turen vidare nedover Dalen. Me går innom dreieriet til Edvin før me fortsett ned til Undredalskaien og et lunsj.

### Del 2 frå kl 12.45 – 14.15

Lunsj i Undredal Visningssenter med omvisning

### Del 3 frå kl 12.45 – 16.00

Lunsj i Undredal Visningssenter med omvisning. Tur opp til Stavkyrkja med omvisning der. Etterpå går turen til skulen der ein får sjå på “Kunst, kultur og nærmiljø”. Kaffi og kake servering.

### Pris heildagstur

Vaksen kr 475, born 5-15 kr 150, born 0-4 gratis

### Pris del 1 eller 3 inkl. lunsj

Vaksen kr 400, born 5-15 kr 100, born 0-4 gratis

### Pris berre del 2

Vaksen kr 350, born kr 125

Minimum antall deltagarar: 8 pers





### Overnatting

Flåmsbrygga Hotel  
Tlf 57 63 20 50

Fretheim Hotel  
Tlf 57 63 63 00

Østerbø Turisthytte  
Tlf 57 63 11 41

### Ut å spise/drikke?

Eldhuset i Undredal  
Tlf 57 63 31 00

Fretheim Hotel  
Tlf 57 63 63 00

Ægir Bryggeri  
Tlf 57 63 20 50

Østerbø Turisthytte  
Tlf 57 63 11 41

Sjå [www.smaksakte.no](http://www.smaksakte.no) for menyar og tilbod





BESTILLING SMAK SAKTE:

Booking online: [www.fjordoppleving.no](http://www.fjordoppleving.no) • Tlf 57 63 32 00

Sjå fullstendig program på [www.smaksakte.no](http://www.smaksakte.no)

Idé & design: [www..artevida.no](http://www..artevida.no)